



Notat

Dato: 22.09.2014
Arkivsak: 2014/12154-5
Saksbehandlar: fromann

Til:	Hovudarbeidsmiljøutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 2. kvartal 2014

Samandrag

Sjukefråværet ser ut til å gått noko ned 2. kvartal 2014 samanlikna med tilsvarende kvartal året før, frå 5,33 til 5,28 prosent. Samanlikning med 2013 er noko usikker pga. ny statistikkmodul. Skilnaden i sjukefråvær mellom kvinner og menn ser ut til å ha auka, og dei kvinnedominerte stillingsgruppene har framleis høgt sjukefråvær. Det ser ikkje ut til ein når målet om maksimum 5,0 prosent sjukefråvær i 2014.

Statistikkgrunlaget

Til grunn for statistikken ligg data frå den nye versjonen av «HR Analyse», tidlegare nemnd «Beta-versjonen». Ved innføring av denne versjonen har det kome fram ein mangel ved standardverdiar i søkefilteret, slik at ein ikkje har fanga opp alt fråværet, m.a. svangerskapsrelatert sjukefråvær. Dette gir noko høgare fråværestal enn tidlegare oppgitt, ca. 0,1 prosentpoeng for første kvartal i år. Det viser seg samstundes andre og noko større skilnader mellom dei historiske tala frå gamal og ny statistikkmodul. Skilnadene er vanskelege å forklare. Det må derfor setjast eit skilje i statistikken ved årsskiftet 2013/2014. Historiske samanlikningar ut frå tidlegare statistikk vert etter dette ikkje heilt påliteleg, men vil likevel verte nytta som ein peikepinn på utviklinga. Personalseksjonen vil arbeide vidare med å kvalitetssikre den nye statistikkmodulen, i samarbeid med leverandøren.

Sjukefråværsutviklinga

Sjukefråværet i andre kvartal 2014 var på **5,28** prosent, som er noko lågare enn tilsvarende kvartal i 2013 (5,33 prosent). Det legemeldte fråværet ser ut til å ha halde seg på om lag same nivå, medan eigenmelding har gått noko ned, frå 0,70 til 0,61 prosent. Også det lengre fråværet over 8 veker ser ut til å ha gått noko ned.

Nasjonale tal for sjukefråvær andre kvartal 2014 viser eit totalt fråvær på 6,0 prosent. For kommunal forvaltning i Noreg var fråværet 5,8 prosent for administrasjon og 6,7 prosent innan undervisning. Her har fråværet gått noko opp sidan 2013 (kjelde: Statistisk sentralbyrå).

Ut frå utviklinga dei to første kvartala i år ser det ikkje ut til at ein når IA-målet om at fråværet ikkje skal overstige 5,0 prosent, dvs. eit nærvære på minst 95 prosent.


Kjønnsfordeling

Sjukefråvær for menn ser ut til å ha gått markant ned frå 2013, frå 4,28 til 3,76 prosent. For kvinner har fråværet auka noko, frå 6,16 til 6,46 prosent. For andre kvartal 2014 er sjukefråværet for kvinner 1,72

gonger større enn for menn, som er noko av den høgaste forskjellen vi har hatt i HFK dei siste åra. Tilsvarende kvinne/mann-faktor i NAV sin statistikk over legemeldt sjukefråvær andre kvartal var 1,67, altså litt lågare skilnad på landsbasis enn i HFK.

Fordeling per stillingsgruppe

Diagram 1: Sjukefråvær i HFK fordelt på stillingsgrupper, andre kvartal 2013-2014



Vi ser ein reduksjon for reinholdarar, pedagogar, rådgjevarar, tannpleiarar og skuleleiarar. Gruppene kontorpersonell, miljøarbeidarar, tannlegar og leiarar i fylkesadministrasjonen har hatt auke. I tråd med ovannemnde kjønnsforskjell ser vi at kvinnedominerte stillingsgrupper har høgast fråvær.

Avdelingane i fylkeskommunen

Fire avdelingar har redusert fråvær dette kvartalet samanlikna med 2013: Økonomi, Regional, Samferdsel og Opplæring. Dei andre har stabilt eller noko auka sjukefråvær. Tannhelseavdelinga ligg framleis høgast, med 7,74 prosent. Det er naturleg å vere noko varsam med tolking av tal for dei mindre avdelingane, der ein skilde langtidfråvær kan gi store utslag i fråværsprosenten.